

Gratis helikoptertur også i år

09.07.2014



## Kvelertak

Romeo Foxtrot - shall we dance!

Kven hugsar vel ikkje Col. Kilgore og Wagners "Ride of the Valkyries" i Apocalypse Now. Kva om du, som die hard Kvelertak fan, kunne hoppa i eit helikopter fredag 1. august, saman med din aller beste Kvelertak-venn, prata om laust og fast med Frederic Hauge frå Bellona, tatt eit par flyfoto av barndomsheimen din og sendt til mor di med hashtag iloveu før du landar i Uskedalen og får to helgepass i handa. Du kan sjølv bestemme om du vil ha Wagner eller Kvelertak over høgtalaranlegget i det du landar.

Alt du treng å gjer er å sende inn eit bilete til [post@festidalen.no](mailto:post@festidalen.no) eller instagram ved å nytte #festidalen #kvelertak #fonnafly.

Bilete bør ha noko relevans.

Frist for deltaking er 18. juli kl 1800. Vinnarane blir bekrefta same dag.

Laurdag 2. august frå kl 12 til 16 blir det mogleg for publikum å ta seg ein helikoptertur med Fonnafly. Landingsplass blir i Uskedalen sentrum.



**Fonnafly og Festidalen fristar også i år med gratis helikoptertur til Uskedalen fredag 1. august og annonsen over fortel om detaljane. Fristen for deltaking er 18. juli og tilbodet gjeld for 2 personar..**

Laurdag 2. august frå klokka 12 vert det også mogeleg for publikum å få ein tur med Fonnafly.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen